

Sandøy kommune

FYLKESMANNEN I MØRE OG Romsdal	
Mottatt:	16 SEPT. 2014
J.nr.	14 / 5791 dok. 1
Ark.	310
Saksb.	RIBS
Sek.	

Saksframlegg

Dato: 14.08.2014
Arkivref: 2014/270000

Saksbeh.: Ann-Heidi Paulsen Orvik

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
14/7	Administrasjonsutval	25.08.2014
14/38	Kommunestyret	11.09.2014

Kommunereforma - prosess for Sandøy kommune

Framlegg til vedtak:

Sandøy kommunestyre viser til saksutgreiinga og legg til grunn dei konklusjonane som er skisserte der for det vidare arbeidet med og dialogen knytt til kommunereforma.

Saksprotokoll i Administrasjonsutval - 25.08.2014

Framlegg til vedtak:

Sandøy kommunestyre viser til saksutgreiinga og legg til grunn dei konklusjonane som er skisserte der for det vidare arbeidet med og dialogen knytt til kommunereforma.

Behandling:

Vedtak:

Administrasjonsutvalet tilrår samrøystes: Som framlegget.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.09.2014

Behandling:

Uttale frå Eldres råd, RLF og AMU vart delt ut i møtet.

Vedtak:

Samrøystes vedtak: Som tilrådinga frå formannskapet.

SAKSUTGREIING

BAKGRUNN FOR SAKA

1.1 Stortinget sitt vedtak av 18.juni 2014

Stortinget gjorde 18. juni i år eit vedtak som inneber at det skal gjennomførast ei kommunereform i Noreg, og siktemålet er at Stortinget skal behandle forslag til ny kommunestruktur og ev. nye oppgåver våren 2017. Etter sommaren 2014 vil regjeringa invitere alle kommunane til å starte samtalar med nabokommunar og avklare om det er aktuelt med samanslåing.

Regjeringa viser til at det er 50 år sidan førre kommunereform i Noreg. Det går fram av kommuneproposisjonen 2015 at ansvaret, som norske kommunar har for velferdsoppgåver, har auka betydeleg sidan den tid. Regjeringa argumenterer med at dei med kommunereforma ønskjer å sikre at kommunar vert betre rusta til å handtere dagens oppgåver, og at kommunane også skal gjerast robuste for framtidige oppgåveendringar og reformer. Det blir vist til at det er utfordrande for kommunane at den statlege detaljstyringa har auka. Det går også fram at kommunane har flytta oppgåver inn i interkommunale samarbeid, og at dette bl.a. er gjort for å ivareta lovpålagte tenester med tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet. Under Stortinget si behandling av saka blei dette arbeidet, som no står framfor oss, karakterisert som den største moderniseringa av offentleg sektor på 50 år.

Rådmannen sin intensjon med å fremme denne saka no er å få i gang diskusjonen i Sandøy kommune, og avklare mandat for det vidare arbeidet. Saka er tenkt som eit bakteppe og utgangspunkt for dei første politiske diskusjonane i Sandøy. I tillegg gir saka oversikt over ein del fakta knytt til reforma, og de føresetnader som er skisserte frå Stortinget si side.

1.2 Kort historisk tilbakeblikk og status for dagens kommunar

Då formannskapslovene blei innførte i Noreg, blei den kommunale inndelinga gjort med basis i prestegjeld. Landet bestod då av 392 kommunar. Etter kvart blei det fleire og fleire kommuneoppdelingar, og i 1930 var landet delt opp i 747 kommunar. Nye samferdsels- og reisemønster hadde stor betydning då arbeidet med å finne ei meir hensiktsmessig inndeling av kommune-Noreg blei sett i gang i 1950-åra. Schei-komiteén gjekk gjennom alle kommunane og foreslo fleire hundre samanslåingar, og dei fleste blei vedtatt gjennomført av Stortinget. Utover 1960-talet var det eit stort antal kommunesamanslåingar og pr. 1972 var det 444 kommunar igjen. På trass av evaluering av kommunestrukturen på 90-talet (Christiansen-utvalet), har det skjedd relativt få endringar i kommuneinndelinga i nyare tid, og talet på kommunar er i dag på 428. I vårt eige fylke hadde ein 67 kommunar i 1963, i dag er talet 36.

Dagens norske kommunar er generalistkommunar med stor oppgaveportefølje, og der både små og store kommunar har dei same oppgåvene. Norske kommunar varierer likevel betydeleg i befolkning og størrelse. Dei 100 største kommunane har ca. 75% av befolkninga i landet. 228 av kommunane i landet er i KOSTRA-samanheng klassifisert som små (under 5000 innbyggjarar), 147 kommunar er mellomstore (med 5 000 -20 000 innbyggjarar) og 53 kommunar, er rekna som store (over 20 000 innbyggjarar). Sandøy kommune med ca 1300 innbyggjarar er blant dei minste.

1.3 Nærare om mål for kommunereforma

Følgjande mål er skissert for kommunereforma i den nyleg behandla kommuneproposisjonen: «1) Gode og likeverdige tenester til innbyggerne. Større kommuner med bedre kapasitet og kompetanse vil legge til rette for gode og likeverdige tenester over hele landet. Større fagmiljø vil gi mer stabile arbeidsmiljø, bredde i kompetansen og en bredere tiltaksportefølje, særlig i små og spesialiserte tenester.

2) *Helhetlig og samordnet samfunnsutvikling. Kommunesektoren skal bli bedre i stand til å løse nasjonale utfordringer. Reformen skal bedre forutsetningene for en styrket og samordnet lokal og regional utvikling i alle deler av landet både når det gjelder arealbruk, samfunnssikkerhet- og beredskap, transport, næring, miljø og klima, og også den sosiale utviklingen i kommunen. Det er ønskelig at kommunegrensene i større grad tilpasses naturlige bo- og arbeidsmarkedsregioner.*

3) *Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner. Større kommuner vil ha større ressursgrunnlag og kan også ha en mer variert befolknings- og nærings sammensetning. Det gjør kommunene mer robuste overfor uforutsette hendelser og utviklingstrekk. Bærekraftige og økonomisk robuste kommuner vil legge til rette for en mer effektiv ressursbruk innenfor begrensede økonomiske rammer.*

4) *Styrke lokaldemokratiet og gi større kommuner flere oppgaver. Større og mer robuste kommuner kan få flere oppgaver. Dette vil gi økt makt og myndighet til kommunene, og dermed økt lokalt selvstyre. Større kommuner vil også redusere behovet for interkommunale løsninger. Færre og større kommuner som gjennomfører en velferdspolitik i henhold til nasjonale mål, vil redusere behovet for statlig detaljstyring. Kommunene vil slik få større frihet til å prioritere og tilpasse velferdstilbudet til innbyggernes behov.»*

1.4 Tidsperspektiv for dei ulike prosessane i kommunereforma. Det som så langt er skissert av prosessar i kommunereforma er som følgjer:

- Juni 2014: Stortingsbehandling av mål for og det vidare opplegget for arbeidet med kommunereforma
- Haust 2014-vår 2016: Regionale prosessar med kommunane, fylkesmennene og KS. Oppsummerast av fylkesmennene haust 2016
- Juni 2015: Regjeringa legg fram forslag om kva for oppgåver kommunane skal ha i framtida
- Juli 2015-mai 2016: Kommunale vedtak om samanslåing
- Mai 2016: Kongelegge resolusjonar om samanslåing av dei kommunane som har vore tidlegast ute med vedtak
- Juni 2017: Stortingsbehandling av proposisjonar om ny kommunestruktur og nye oppgåver for kommunane

1.4 Andre forhold som er skisserte frå Stortinget og departementet (KMD)

Andre forhold knytt til kommuneforma som det er verdt å merke seg er følgjande:

- Dei regionale prosessane skal leiast av dei ulike fylkesmennene, KS vert invitert til samarbeid.
- Som eit alternativ til store lokale utgreiingar vil Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) utarbeide standardiserte faktaoppsett med viktige talsamanstillingar for at kommunane skal kunne lage eigne utfordringsbilete. I denne samanhengen vil det også bli laga ein eigen rettleiar til kommunal bruk, og denne skal vere ferdig tidlig haust 2014. Vidare vil KMD lage eit opplegg for lokale spørjeundersøkingar som eit alternativ til folke- røystingar dersom dette er ønskjeleg. Departementet kan løyve kr 100 000,- i støtte til kvar kommune til informasjons- og

høyringsprosessar (under føresetnad av at prosessar blir gjennomført og at det blir fatta vedtak om den vidare vegen for den enkelte kommune).

- Spørsmål om grensejusteringar mellom kommunar og deling av kommunar er spørsmål som vert føresett tatt opp i den same prosessen som no startar opp. Det er også lagt opp til å legge til rette for prosessar på tvers av dagens fylkesgrenser.
- KMD vil dekke nødvendige eingongskostnader ved samanslåing etter ein fast modell der det blir ytt mellom 20-65 mill. kroner avhengig av talet på innbyggjarar og talet på kommunar i dei ulike samanslåingane.
- Samanslåtte kommunar med over 10 000 innbyggjarar vil kunne få reformstøtte for å lette overgangen til ny kommune. Støtta vil variere mellom 5 og 30 mill. kroner avhengig av størrelse.
- Nye samanslåtte kommunar får behalde inndelingstilskotet, dvs. at basistilskot og ev. regionalpolitiske tilskot i rammeoverføringane kan behaldast som om ein var det talet på kommunar ein var før samanslåinga. Dette kan ein behalde i 15 år før det blir trappa ned over 5 år.
- KMD vil sende ut eit lovforslag på høyring som inneber at kommunen sine låneopptak (og langsiktige låneavtalar) i den næraste tida må godkjennast av fylkesmannen. Dette for å hindre strategiske tilpassingar eller disposisjonar i forkant av reforma.
- KMD vil utgreie ein lovheimel som gir mulegheit for å pålegge interkommunalt samarbeid for å få større fagmiljø i dei tilfella der kommunar pga. avstandar ikkje vil slå seg saman.

SAKSOPPLYSNINGAR

Sandøy kommune ligg på Romsdalskysten i Møre og Romsdal fylke. Kommunen grensar til Haram i sør, til Midsund i aust og til Aukra i nord. Sandøy kommune blei danna i 1867, utskilt frå Aukra kommune. Kommunegrensene har vore uendra sidan 1965 då Sandøy fekk overført Myklebust og Uksnøya, som fram til då tilhørte Haram kommune.

Sandøy er den nest minste kommunen i Møre og Romsdal etter folketal. Næringslivet i kommunen har tradisjonelt vore prega av fiske. I dei seinare åra har reiselivsnæringa vore i vekst.

Sandøy kommune består av mange øyer og er kommunen med minst areal av kommunane i Møre og Romsdal. Det er busetnad på seks av øyene. Harøya, på 13,6 km², er den største øya i kommunen og utgjer ca 60 % av flatevidda. På denne øya ligg Steinshamn, administrasjonssenteret i Sandøy kommune, og størstedelen av folket bur på Harøya. Ut mot havet ligg øyene Ona og Husøya. Sandøya og Finnøya ligg nordaust for Harøya, og Orta ligg helt aust i kommunen. Mellom Harøya og Finnøya er det bru/molo. Det er også molo mellom Ona og Husøya. Det høgste punktet i Sandøy kommune er Harøyburet på 156 moh., som ligg på Harøya.

Kommunevåpenet til Sandøy blei godkjent i 1986. Våpenet har, på blå grunn, tre sølvspissar som møtest på høgre skjoldkant. Motivet illuderer lys frå fyrtårn.

VURDERING

2.1 Er det behov for ei kommunereform i Noreg?

I den gryande debatten rundt framtidig kommunestruktur ser ein at det er ein del forskjellige oppfatningar av det faktiske behovet for slike endringar. Det som det ikkje er nokon tvil om, er at det norske samfunnet har gjennomgått store endringar sidan førre strukturgjennomgang på 1960-talet. Mange av desse endringane har påverka rammebetingelsane for kommunane sitt virke. Nedanfor blir det skissert ein del stikkord på sentrale utviklingstrekk som ligg bak oss og der mange av desse også vil få konsekvensar for den framtidige utviklinga:

- Jamn befolkningsvekst, men stadig aukande sentralisering med betydeleg fleire innbyggjarar i dei noko større kommunane og betydeleg folketalsnedgang i kommunane med under 4 000 innbyggjarar.
- I dei seinare åra har det også blitt stor arbeidsinnvandring som har gitt nye utfordringar. Medan alderssamansetninga tidlegare var meir lik i kommunane er det no meir variasjonar, men talet på eldre (over 67 år) vil stige over heile landet. Talet på eldre vil etter prognosane vere dobla innan 2040 og gi svært store utfordringar for kommunen, truleg aller mest for dei minste kommunane.
- Globalisering har bl.a. bidratt til nedbygging av tradisjonell industri og vekst innan kompetanseintensive næringar; næringar som i størst grad har kome i dei større byane.
- Nye arbeidsformer og ny teknolog har gitt høgare krav til utdanning og kompetanse i befolkninga og betydeleg bruk av digitale verktøy. Dette pregar også i stor grad offentleg sektor.
- Transportinfrastrukturen har endra seg svært mykje og gitt folk og næringsverksemdar kraftig auke i rekkevidda. Auka mulegheit for pendling har gitt regionforstørring og meir regional integrasjon. Denne utviklinga har også ført til at det no, i mange område av landet, er mindre samsvar mellom dei administrative og dei faktisk funksjonelle inndelingane. Dei fleste funksjonelle samfunnsutviklingsområda dekkjer i dag fleire kommunar. Ein kan seie at for veldig mange lever ein livet uavhengig av kommunegrensar. Mange kryssar dagleg eller jamleg kommunegrensar i forbindelse med skolegang, arbeid, handel, bruk av ulike offentlege tenester, fritidssyslar, kulturelle opplevingar mv.
- Lokal identitet er ikkje nødvendigvis først og fremst knytt til bustadskommunen, men er for mange kanskje like mykje knytt til eins nære bumiljø, grenda si, tettstaden sin eller til ein noko større region.
- Betydeleg vidareutvikling av velferdsstaten med stadig fleire offentlege tenester. For 50 år sidan var den kommunale oppgåveporteføljen svært avgrensa samanlikna med dagens omfattande oppgåver. Kommunen treng i dag og i framtida stadig meir og spesialisert kompetanse, også meir kapasitet (f.eks. innan eldreomsorg). Befolkninga sine forventningar og krav til dei offentlege tenestene har også auka.
- Aukande rettsleggjering og auka og sterkare statleg detaljstyring av kommunane. Dette aukar også kravet til kompetanse og det reduserer den lokale politiske handlefridomen.
- Kraftig auke i bruk av interkommunalt samarbeid som verktøy for å møte krav og behov. Samtidig er mange av dei interkommunale tenestene under mindre direkte politisk styring i dei enkelte kommunane enn andre tenester.

Etter rådmannen si vurdering tilseier utviklinga bak oss og framtidige utfordringar at det er behov for at det norske samfunnet tar ein grundig gjennomgang av kommunestrukturen. Hovudperspektiva bør vere at vi treng ein framtidig kommunestruktur, som bidrar til ei utvikling av leve- og konkurransedyktige lokalsamfunn, og at vi framleis klarer å ha og vidareutvikle eksisterande og nye tenester for landet innbyggjarane i landet.

Samtidig må det også vere ein struktur som er økonomiske berekraftig, det er ikkje sikkert at Noreg er like rikt om x-antal tiår som vi er i dag. Det er då viktigare at ressursane blir brukt til mest muleg faktisk tenesteproduksjon til innbyggjarane enn til å oppretthalde ev. kostbare samfunnsstrukturar.

Uavhengig av kva ein måtte meine om dette «hovudspørsmålet», så er det grunn til å påpeike at enkeltkommunar for eigen del ikkje kan velje bort å utgreie spørsmål om lokale endringar i kommunestrukturen. Stortingets kommunal- og forvaltningskomité understreka i si behandling av reforma «at det er et utredningsansvar for alle kommuner». Departementet tolka dette slik at alle kommunane skal greie ut og gjere vedtak om samanslåing eller ei innan våren 2016.

2.2 Sandøy som kommune på grensa mellom Romsdal og Sunnmøre

Mange uttrykkjer semje når det gjeld behovet for å vurdere kommunestrukturen, men gir samtidig uttrykk for at ein ser mindre grunn for å gjere endringar for eigen kommune. Kva trur vi er det beste for framtida for eigen kommune og for regionen? Dette er eit stort spørsmål, og endelege konklusjonar må treffast på grunnlag av mykje meir omfattande grunnlag og prosessar. Dette vil vere prosessar i kommunen, og ikkje minst i forhold til nabokommunar. Til ein begynnande diskusjon spelar rådmannen inn dei vurderingane som blir skisserte nedanfor.

Sandøy har ca 1300 innbyggjarar, og folketalet har gått noko ned siste år etter nokre år med stabile og aukande folketal. Gjennomsnittsalderen er aukande for kvart år, og kvinnedelen særskilt i produktiv alder går ned. Trekket er i hovudsak at både unge menn og kvinner reiser ut for å ta utdanning, men kjem i liten grad tilbake. Den relative stabilitet i folketal siste år skuldast innvandring frå utlandet. I hovudsak drive av behovet for arbeidskraft i svært robust lokalt næringsliv og gjennom ekteskap på tvers av landegrensene.

I kommuneorganisasjonen er gjennomsnittsalderen aukande, og er no 54 år. Vi står framfor eit generasjonsskifte i mange yrke, som t.d. pedagogar og sjukepleiarar/ helsearbeidarar. Vi har over tid hatt problem med å hevde oss i konkurransen om ingeniørar til tekniske tenester og rekruttere tilstrekkeleg kompetanse i andre nøkkelstillingar som økonomi. Dette er ikkje ei lokal utfordring, men ei nasjonal problemstilling i form av for liten tilgang av denne type kompetanse i forhold til etterspørsel, samt at sentralisering og sterk økonomi i privat næring og olje-/maritim sektor gjer at ungdom veljer seg dit.

Sandøy kommune med sine 1300 innbyggjarar er befolkningsmessig for liten, og har ein *kommuneorganisasjon* som er for liten til å kunne eksistere vidare i si noverande form. Kven Sandøy skal orientere seg mot er politiske val, og fleire av kommunane rundt oss har allereie lansert alternativ der Sandøy er nemnt.

1. Kommunane Aukra og Midsund i Romsdalen har lansert eit alternativ der Sandøy går saman med dei. Dette vil gi ei samla kommune med ca 6 700 innbyggjarar (Aukra 3400, Midsund 2000, Sandøy 1300). I eit slikt alternativ vil samferdsel bli utfordrande. Aukra og Midsund blir bundne til fastlandet mot Romsdal og Sunnmøre med Møreaksen, men ein må køyre gjennom store delar av Haram for å kome til Sandøy over Nordøyvegen om rute 22 ikkje består, eller med ferje til Småge. Sandøy blir ein "satellitt" i forhold til dei andre to kommunane, og vi har så langt svært lite samarbeid i kommunale tenester. Lokalt næringsliv har imidlertid sitt fotfeste mot Romsdalen, og vil slik kunne bli styrka.
2. Samanslåing av Haram og Sandøy vil gi ein ny kommune med ca 10 300 innbyggjarar (9000 i Haram og 1300 i Sandøy). Nordøyvegen vil binde mesteparten av det bebudde arealet i begge kommunar saman med fastlandssamband (eksl Ona/Husøya, Orta og Sandøya). Det som talar mot ei samanslåing av berre desse to kommunane, er at begge

desse kommunane i dag inngår i svært mange interkommunale samarbeid med fleire kommunar på Sunnmøre. Sannsynlegvis vil denne nye kommunen ikkje klare oppgåvene sine åleine utanfor desse samarbeida. Sandøy vil truleg også kunne miste mykje forhandlingsmakt om ein først skal samanslåast med ein kommune, som på sikt må forhandlast inn i ei endå større eining. Haram og Sandøy kommune har felles utfordringar i mulegheitsrommet rundt Nordøyvegen, og har tatt initiativ til ein felles forskingsrapport for Nordøyane for å sjå på mulegheitsrom og vidare strategiar for utvikling. Arbeidet blir truleg starta opp hausten 2014.

3. Nordre Sunnmøre kommune, med senter Ålesund

Ålesund med sine snart 46 000 innbyggjarar er befolkningsmessig så stor, og har ein kommuneorganisasjon som er så stor, at dei truleg kan eksistere vidare i sin noverande form.

Rådmannen i Ålesund har i si sak til kommunestyret i juni 2014 oppfordra til at Ålesund i debatten om kommunestrukturen på Sunnmøre

”bør ta en åpen tilnærming til en mulig dialog og prosess for å vurdere dannelsen av en ny og større «byregionkommune» hvor Ålesund inngår. Utgangspunktet bør være å få til en framtidig «storkommune» som samsvarer godt med «hverdagsregionen» til folk og næringsliv i vårt område, og som er robust og kompetent nok til å møte framtidige behov og forventninger hos innbyggerne. Samtidig må den være en enhet som gir grunnlag for en helhetlig og bærekraftig lokal utvikling, og som gir grunnlag for å møte den framtidige konkurransen overfor andre regioner i landet”

4. Heile Sunnmøre (evt. pluss Sandøy) som ein kommune.

Dette gir inkl. Sandøy 142 000 innbyggjarar. Det blir store geografiske avstandar, og vil stille store krav til demokratisk organ for politisk medverknad og krevje godt utbygde digitale løysingar for å kunne fungere.

5. Heile Ålesund arbeidsmarknadsregion (SSBs inndeling) som ein kommune.

Dette vil innebere dei 11 kommunane Sandøy, Haram, Giske, Sula, Skodje, Sykkylven, Stordal, Norddal, Ørskog og Ålesund. Dette gir ca 95 000 innbyggjarar

6. Kommunar på Nordre Sunnmøre med grense til Ålesund inngikk i si tid eit samarbeid gjennom Ålesundsregionens utviklingskontor.

Dette var Haram, Skodje, Sula, Giske og Ålesund. I dag har desse kommunane 76 000 innbyggjarar. Om Sandøy blir lagt til denne gruppa, får den i overkant av 77 000 innbyggjarar.

2.3 Kor stor bør ein ev. ny «byregionkommune» vere?

Kommunane på Sunnmøre, og særskilt kommunane på Nordre Sunnmøre er allereie i dag svært samanvevd, og er i ei form for skjebnefellesskap. Ålesund er avhengig av sitt omland og omlandet er avhengig av Ålesund.

Innbyggjarane beveger seg mykje over kommunegrensene i forbindelse med skolegang, arbeid, handel, fritid mv. I Sandøy pendlar mange, både til og frå eit stort omland og globalt. Sjølv om mange kan leve mykje av sitt liv i ein eller fleire nabokommunar til sin eigen bukommune, har ein ikkje formelle rettar til påverknad på denne delen av sin kvardag via dei lokale demokratiske kanalane. Også ein god del av næringslivet er samanvevd. Dei har avdelingar i fleire kommunar og samarbeider med, eller har nære forretningsmessige relasjonar, med verksemder i nabokommunane. Dei kan også ha betydeleg del av sitt kundegrunnlag i andre kommunar. En

ev. ny «byregionkommune» bør avspegle denne funksjonelle regionen som faktisk har utvikla seg på trass av dagens kommunegrenser.

Ein ny «byregionkommune» må sikre ei samfunnsmessig rasjonell, heilskapleg og berekraftig utvikling i areal- transport- og bustadplanlegging. Vidare bør den også vere såpass stor at den kan utnytte potensielle stordriftsfordelar i ulike delar av tenesteproduksjonen. Den bør ha ein «kritisk masse» stor nok til å utvikle, bygge opp og rekruttere til kompetente og stabile fagmiljø med omsyn til dei framtidige behov og krav som kommunane vil møte. Dette handlar med andre ord å etablere ein robust *kommuneorganisasjon* for framtida.

Men, ein ny «byregionkommune» må også legge eit grunnlag for eit robust *kommunesamfunn* som kan konkurrere og hevde seg i forhold til andre regionar. Det er liten grunn til å tru at konkurransen om befolkning, arbeidskraft, kompetanse, kapital og næringsliv blir mindre i framtida. Denne konkurransen vil ein møte, både innan vårt eige fylke og i frå andre delar av landet, ja faktisk også i frå andre delar av verda. Det handlar ikkje lenger om «bygd mot bygd, by mot bygd, kommune mot kommune», men det handlar om å legge til rette for å bevare og utvikle vår region og våre ressursar i vår del av landet og vår del av verda.

Vi må ha eit perspektiv utover vår eiga grend eller bydel og ikkje minst ha eit perspektiv utover nosituasjonen. Samla regional attraktivitet med tanke på busetting og næringsliv er heilt sentralt. Regionen er allereie prega av fleire global-integrerte konsern. Skal slike verksemdar framleis bli verande og utvikle seg i regionen, er «vertskapsattraktiviteten» som kommunane må legge til rette for, svært viktig. Ein ny og større kommune kan vere eit betre verktøy for å legge grunnlag for ein felles og meir effektiv politikk i så måte.

All forskning viser at om ein skal klare å hevde seg i den globalisering som skjer, må ein bygge på livskraftige bysentrum som er gjensidig avhengig av dynamiske omland rundt seg. Vekst og framgang i Sandøy er avhengig av at byregionane Molde og Ålesund fungerer og veks, og er attraktive for næringsliv, nyutdanna og etablerarar.

For vårt næringsliv med bransjetilknytning til dei maritime og offshorerelaterte klynger (cluster) i begge byregionane er dette svært viktig. Vi må sørgje for at vi gjennom samarbeid og samferdsel er nærast muleg knytt opp og påkopl den utvikling som skjer i disse byregionane.

Vidareutvikling og nærleik til luftfartstilbodet på Vigra er svært viktig for et internasjonalt orientert næringsliv, og ein region som opprettheld folketalet gjennom innvandring frå utlandet.

Det rådmannen trur er viktig i dei vidare vurderingane er å ha fokus på kva som blir opplevd som ein funksjonell region (og framtidig kommune) for innbyggjarane. Dei kommunane som i dag er mest samanvevd og kor dei største pendlingsstraumane finst, har truleg dei beste føresetnadene for og fordelane av å kunne fungere saman i framtida.

Ein strategi for å utvikle robuste samfunn har i dei seinare åra vore fokusert rundt samanhengande arbeids- marknads-, bu- og serviceregionar (ABS-regionar). I denne samanheng har 45 minutt reisetid (med bil) til arbeidsplassar og servicetilbod vore sett på som akseptabelt. Dette er eit perspektiv som kan vere interessant som eit utgangspunkt for kommunestrukturdebatten.

Uavhengig av kva for framtidig størrelse på ein eventuell ny kommune Sandøy inngår i, vil det også vere viktig å diskutere korleis ein i ein slik kommune kan legge til rette for eit best muleg fungerande lokaldemokrati. F.eks. kan bruk av kommunedelsutval med delegert mynde vere eit verkemiddel.

2.4 Interkommunalt samarbeid i dei næraste åra

Sandøy kommune er del av 43 interkommunale selskap og faste tenestesamarbeid. Dette er krevjande å følgje opp med omsyn til demokratisk styring og tilstrekkeleg kontroll, utgiftsvekst i desse går på bekostning av generalistoppgåvene som ligg igjen i eigen organisasjon og krav til kompetanse og kapasitet gjer at vi stadig har behov for å gå inn i nye samarbeid. Mengda har passert det som vil vere forsvarleg. Våre samarbeid er mot kommunane på Sunnmøre, og spesielt Ålesund og Haram kommunar. Tenestesamarbeid mot Romsdalen er nesten ikkje eksisterande utover legevaktsamarbeidet som har bestått i ca 40 år, og nytt turist-/næringssamarbeid Øyriket.

Interkommunale løysingar kan i mange samanhenger vere ein fornuftig måte å produsere ulike tenester på, men har også i dei seinare åra fått kritikk for å vere prega av eit visst demokratisk underskot eller å vere (delvis) utanfor demokratisk kontroll. Slik rådmannen ser det, er det ikkje naturleg å etablere fleire interkommunale løysingar før det eventuelle nye kommunekartet i vårt område er avklart. Dette med mindre noko viser seg å vere tvingande nødvendig eller openbert svært lønnsamt. Det er ofte relativt ressurskrevjande og komplekst å etablere interkommunale ordningar. Det vil ikkje vere naturleg å prioritere slike prosessar no dersom det om få år er etablert ein ny kommunestruktur som uansett vil krevje ein gjennomgang av, og evt. avvikling, av mange av dei eksisterande interkommunale løysingane.

2.5 Den vidare prosessen

Kommunereforma er i sin spede begynnelse, og det er lite avklart korleis prosessane bør eller vil skje framover. Som omtalt over er fylkesmennene tiltenkt ei rolle som tilretteleggar og koordinator for de prosessane som skal gjennomførast lokalt og regionalt. Kva dette faktisk vil innebere, er ikkje avklart. Så langt har det på nordre Sunnmøre ikkje kome i gang nokon formelle dialogar og prosessar mellom to eller fleire kommunar. Representantskapet i Sunnmøre Regionråd har vore samde om å bruke regionrådet som ein arena for dialog om kommunereforma, og det er til no gjennomført to-tre møte for ordførarar og rådmenn med dette som tema.

Det er avtalt at alle formannskapa på Sunnmøre, inkl Sandøy, skal møtast til felles møte i Ålesund 25.september, for å diskutere kommunereforma. Det er jamlege samlingar for rådmennene i regi av Sunnmøre regionråd, og kommunereforma vil vere tema i aukande grad.

2.5 Mulege strategiar

Rådmannen rår til at vi er opne for dialog med våre nabokommunar om ei endring av den lokale kommunestrukturen. Sandøy er ikkje "rett" Sunnmørskommune, vi er liten av størrelse og ligg i periferien for dei fleste.

1. Kommunestyret klargjer sine ønskje så tidleg som muleg, og gjer desse kjent til dei kommunar ein ser det som aktuelt å inngå nærare samtalar med. Dette for å sørge for at vi ikkje blir avgløymt i dei vidare prosessar.
2. Alternativt avvente innspel og initiativ frå ein eller fleire av våre nabokommunar
3. Foreløpig avvente til fylkesmannen har avklart nærare si rolle som tilretteleggar og koordinator og har avklart grensesnittet overfor KS og regionrådet i det vidare arbeidet

Rådmannen vurderer at ein foreløpig bør ta utgangspunkt i alternativ 3. Det er viktig å ha ryddige og oversiktlege prosessar og rådmannen ser nytten av å ha ekstern koordinering i denne samanhengen. Dette betyr at ein ikkje går i gang med dialogar umiddelbart, men at dette er aktuelt så snart fylkesmannen si rolle og tilbod er meir avklart.

Kven kommunestyret ønskjer at det skal først dialog med, og kven det ev. ikkje skal først dialog med, er det likevel ønskjeleg å klargjere så raskt som muleg.

Det er ordførar og rådmann som i praksis så langt har «fronta» kommunen knytt til kommunereforma. Det vert sett på som praktisk at dette også er utgangspunktet i det vidare arbeidet og den innleiande dialogen, men at formannskapet blir involvert aktivt med tilbakemeldingar og debattar. I den grad den innleiande dialogen blir tatt vidare i forhandlingar, skal det opprettast eit politisk forhandlingsutval.

ØKONOMISKE KONSEKVENSAR

Denne saka har i seg sjøv og på det noverande stadium ikkje umiddelbare økonomiske konsekvensar.

Juridiske konsekvensar:

Denne saka har i seg sjølv og på det noverande stadium ikkje umiddelbare juridiske konsekvensar.

Andre driftsmessige eller organisatoriske konsekvensar:

Det vidare arbeidet med kommunereforma vil avhenge av omfanget av dei vidare prosessar, og vil kunne krevje ein god del politiske og administrative ressursar.

KONKLUSJON

Sandøy kommune er for liten til å bestå som eigen kommune, gitt dei føringar for oppgåver, ansvar og økonomi som no er kjent. Vår geografiske plassering midt i skipsleia her i nordvest - som er sentral for vårt næringsliv, gjer oss i kommunestrukturdebatten til periferi.

Haram er vår næraste nabo. Haram sine Nordøyer og fellesprosjektet Nordøyvegen gjer at vi har felles interesser og samarbeidsmulegheiter. Rådmannen meiner likevel at også Haram og Sandøy saman blir for små, gitt det store talet på interkommunale tenester og selskap vi begge er avhengige av. Forhandlingsmakta til Sandøy er truleg større om vi på sjølvstendig grunnlag forhandlar om fordelinga av velferda i ein ny, større kommune. Ein strategi med å gå saman med Haram no, og seinare bli forhandla inn i ein endå større kommune som del av Haram, vil truleg gi mindre innflytelse over framtidsutviklinga for noverande kommune.

Dette er politiske vegval som kommunestyret må ta, og forventningane til staten til kva ein kommune skal vere for å vere robust, må her vektleggast sterkt.

Rådmannen trur at for regionen er det viktig å ha ein dialog på kva for mulegheiter og styrker ein endra kommunestruktur kan gi. Ikkje minst fordi vi, og heile regionen, møter ein sterkare konkurranse frå andre regionar nasjonalt og internasjonalt i framtida. Kva som blir oppfatta som ein «funksjonell region» bør vere eit sentralt tema for dialogen.

Med dette som utgangspunkt bør Sandøy vere open for dialog med våre naboar om ein endra kommunestruktur. Inntil det er avklart korleis det nye kommunekartet blir for Sandøy, er det ikkje naturleg å vurdere eller etablere nye interkommunale løysingar som Sandøy er del av. Sandøy er likevel heilt avhengig av å vidareføre og utvikle tenestekjøp med Ålesund og Haram på tenester som økonomi, teknisk, beredskap og brann for å tilfredsstille krav etter lov til kompetanse og kapasitet innanfor dei økonomiske rammer vi har til rådvelde.


Med tanke på initiativ om dialog med nabokommunar skal Sandøy foreløpig avvente til fylkesmannen har avklart nærare si rolle som tilretteleggar og koordinator i dei vidare prosessane, og det er avklart eit grensesnitt overfor KS og regionrådet.

Ordførar og rådmann deltar i ev. innleiande dialogar, formannskapet blir involvert aktivt i det vidare arbeidet med info og debatt i formannskapsmøta. I den grad den innleiande dialogen blir ført vidare i forhandlingar, skal det opprettast eit politisk forhandlingsutval.

Ann-Heidi Paulsen Orvik
rådmann

Utskrift:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Sunnmøre regionråd
Haram kommune
Ålesund kommune

Rett utskrift
Sandøy kommune 12.09.2014


Anlaug Knårdal Myklebust
konsulent